

SAKSLISTE FOR ÅRSMØTET TIL KVAM AP

Sundag 09.02.2020 kl 18:30 i Kvam Rådhus

1. Godkjenning av innkalling
2. Godkjenning av saksliste
3. Val av ordstyrar og referent.

POLITISK FØREDRAG VED STIAN OPEDAL DAVIES.

Stian er frå Askøy, og er utvalsleiar i Vestland Fylke for Kultur, idrett og integrering.

4. Godkjenning av årsmelding frå styret
5. Godkjenning av årsmelding frå heradsstyregruppa
6. Godkjenning av rekneskap og budsjett
7. VAL
 - Val av styre
 - Val av revisor
 - Val av utsendingar til årsmøtet i Vestland Ap
 - Val av utsendingar til representantskapen i Vestland Ap
 - Val av valnemnd
8. Innkomne framlegg til årsmøtet i Vestland Ap.
9. Eventuelt

ÅRSMELDING 2019
FRÅ
STYRET
KVAM ARBEIDARPARTI

Styret i Kvam Arbeidarparti har i 2019 vore slik samansett:

Torgeir Næss. Leiar

Karin Mo Valland. Kasserar

Liv Kari Handegård. Studieleiar

Nils Drage. Skrivar

Linda Lygre. Kvinnepolitisk ansvarleg

Michael Iversen. Styremedlem

Even Øyri. Styremedlem

Varamedlemer:

Evy Kleivane

Borghild Storaas Ones

Halvard Lilletveit

Eirik Gluppe Steinstø

Kjerstin Valland

Karsten Valland

Aktivitetar:

Styret har i 2019 hatt 3 styremøter, 1 felles gruppe-styremøte og to medlemsmøter.

Even Øyri og Torgeir Næss deltok på program og nominasjonsmøte i Vestland Ap 26-27 jan. i Førde.

Torgeir Næss deltok på ordførar og gruppeleiarssamling, Stortinget, Oslo 7-8 jan.

Årsmøte i Vestland Arbeiderparti som var i Bergen 2.-3. mars deltok Evy Kleivane og Torgeir Næss. Dette var også nedleggingsmøte for Hordaland Arbeiderparti

På toppkandidatskulering i Bergen deltok Vigdis Håland og Torgeir Næss

Torgeir Næss deltok dessutan på landsmøtet i Arbeiderpartiet i Oslo 4.-7.april, og på Ordførarkonferanse Ap, Gardermoen 7. nov og Rep. Skapsmøte Ap, 16-17 nov.

Liv Kari Handegård og Torgeir Næss var på Leiar og studieleiarsamling på Voss 23-24 nov

Ellers sat Even Øyri i programnemda for valet i 2019 for Vestland Arbeiderparti, og Gunnar Skeie har i 2019 site i kontrollnemda til Vestland Arbeiderparti.

Kvam Ap hadde stand i Norheimsund i samband med våraksjonen i mai. Ordførarkandidat deltok i debattmøte på Hardangerfjordseminaret i Norheimsund i mai.

I valkampen var det stands i alle bygdene. Totalt hadde me 14 stands frå 17. august og fram til valet. Me var også på husbesøk i nokre av bygdene. Ordførarkandidaten deltok i valkampdebattar i Holmatun (HF), i Strandebarm (grendalaget), og i Kabuso (NRK) .

Me hadde kandidatpresentasjonar av alle kandidatane på Facebook i løpet av sommaren.

Ved valet i 2019 fekk Ap 22,9% av stemmene, ein framgang på 2,3% og me fekk ordføraren i samarbeid med Høgre, KrF og Framstegspartiet.

Forhandlingsutvalet til hst-valet bestod av Gunnar Skeie som leiar i tillegg til Even Øyri og Torgeir Næss.

Me hadde 31.des. 126 medlemer (116 betalande)- ein auke på 6 frå året før.

Styret i Kvam Arbeidarparti

Torgeir Næss

Karin Mo Valland

Even Øyri

Liv Kari Handegård

Linda Lygre

Michael Iversen

Nils Drage

Årsmelding for heradsstyregruppa til Kvam Arbeidarparti i 2019

til og med møtebolck 6:

Heradsstyregruppa var uendra også i 2019, ut valperioden (oktober 2019). Ho var samansett av heradsstyrerepresentantane Gunnar Skeie, Halvard Lilletveit, Even Øyri, Nils Drage, Karin Mo Valland og Borghild Storaas Ones, og 1.vararepresentant til heradsstyret og leiar i Kvam AP, Torgeir Næss. Borghild Storaas Ones var gruppeleiar og medlem i formannskapet og nærings-, plan og bygningsutvalet (NPB). Gunnar Skeie var medlem i formannskapet og nestleiar i heradsstyregruppa. Karin Valland Mo og Even Øyri var medlemmer i NPB. Nils Drage var medlem i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og eldre. Halvard Lilletveit var leiar i Kontrollutvalet.

Heradsstyregruppa har hatt gruppemøte og handsama saklistene til dei seks møtebolckane fram til oktober 2019. Borghild Storaas Ones har vore medlem i gruppa som forhandla med fylket og fylkeskommunen om kommuneplanen sin arealdel. Denne har vore arbeidd med heile perioden før han endeleg vart vedteken i oktober. Borghild Storaas Ones har og vore ein av to representantar frå heradsstyret i gruppa som arbeider med planane for Kvam vidaregåande skule sitt nybygg som skal byggjast i Norheimsund.

Torgeir Næss deltok på Hordaland AP si gruppeleiar- og ordførarsamling på Stortinget i januar 2019.

Samarbeidet i gruppa har vore godt. Det har og samarbeidet i heile det politiske miljøet i heradsstyret der ein ofte har kome fram til samrøystes eller nær samrøystes vedtak.

Heile gruppa tok del i valkampen og er svært glade for det gode resultatet for AP og spesielt for at partiet fekk ordføraren. Den gamle gruppa vil takka for tilliten i fireårsperioden 2015 - 2019 og ynskja ordføraren og den nye gruppa lukke til med arbeidet i den nye valperioden.

Norheimsund, 4.2.2019

Borghild Storaas Ones	Gunnar Skeie	Karin Mo Valland	Halvard Lilletveit
Even Øyri	Nils Drage	Torgeir Næss	

Frå møtebolck 7 og ut 2019:

Kommunevalet for Kvam viste eit ganske godt val for Kvam Ap og me fekk inn 6 representantar som i førre periode. Det mest gledelege resultatet av valet vart at Kvam Ap saman med H, Frp og Krf kunne sikra at me fekk ordføraren for perioden 2019 -2023. Samarbeidsavtalen som vart inngått mellom partia har 5 hovudpunkt og er tufta på saker der me har felles mål og syn.

Dei nye representantane til Kvam Ap er: Torgeir Næss, Halvard Lilletveit, Dag Rune Mo, Vigdis Håland. Evy Kleivane og Even Øyri (gruppeleiar). 1. vararepresentant er Svein Rune Stakseng som møter fast i gruppemøte. Torgeir og Evy er valde inn i Formannskapet, Halvard Lilletveit er medlem av Ungdomsrådet, Vigdis Håland og Even Øyri er føreslått inn i nyoppretta Kvam Miljø, plan og Bygningsutval som startar opp frå møtebolck 2 i 2020. Me er komne godt i gang i arbeidet i gruppa og ser fram til spanande arbeid i 2020.

Øystese 7.02. 2020

Torgeir Næss, Even Øyri, Halvard Lilletveit, Dag Rune Mo, Vigdis Håland og Evy Kleivane

Resultatrekneskap

KVAM ARBEIDARPARTI

DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER

	2019	2018	2017
Partistøtte	24 419	24 419	23 865
Tilbakeført kontingent	14 028	13 552	13 405
SUM DRIFTSINNTEKTER	38 447	37 971	37 270
Fagl.politisk/rep.skap/opplæring	11 491	8 642	7 319
Årsmøte Vestland/Hordaland AP	5 037	5 770	8 708
Annonser	7 962	3 150	1 538
Gåver/blomar	1 260	680	1 577
Styremøte/medlemsmøte	170	0	683
Valkostnader/møteutgifter	23 151	687	13 375
Ymse utgifter	1 500	299	405
Tilskot AOF	500	0	500
Bankgebyr	370	33	39
SUM DRIFTSKOSTNADER	51 440	19 261	34 143
DRIFTSRESULTAT	-12 993	18 710	3 127
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER			
Renter av bankinnskott	80	80	74
SUM NETTO FINANSINNT OG -KOSTN.	80	80	74
ÅRSUNDERSKOT (ÅRSOVERSKOT)	-12 913	18 790	3 201
Dekning /disponering av årsresultat			
Årsoverskot overført egenkapital	-12 913	18 790	3 201

Balanse

KVAM ARBEIDARPARTI

EIGNELUTAR

	2019	2018
Bank	153 148	166 061
SUM OMLAUPSMIDLAR	153 148	166 061
SUM EIGNELUTAR	153 148	166 061

GJELD OG EIGENKAPITAL

EIGENKAPITAL (1.1.)	-166 061	-147 271
Årsoverskot	12 913	-18 790
Eigenkapital (31.12.)	-153 148	-166 061
SUM EIGENKAPITAL	-153 148	-166 061
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL	-153 148	-166 061

Norheimsund, 31.1.2020

Styret i KVAM ARBEIDARPARTI

Karin Mo Valland
kasserar

Torgeir Næss
styreleiar

Budsjett for Kvam Arbeidarparti 2020

Partisstøtte	25 000,00
Tilbakeført kontingent	14 000,00
Sum driftsinntekter	39 000,00
Faglegpolitiske leiarsamlingar	12 000,00
Årsmøte Vestland AP	9 000,00
Porto/SMS	1 000,00
Annonser	6 000,00
Gåver/blomar	1 000,00
Kurs	5 000,00
Styremøte/medlemsmøte	500,00
Valmateriale/valkamputgifter	-
Ymse utgifter	2 000,00
Sum driftsutgifter	36 500,00
Driftsresultat	2 500,00

Valnemnda sitt forslag til nytt styre for Kvam Arbeiderparti 2020.

Styremedlemmer:

Halvard Lilletveit, leiar (ny)
Liv Kari Handegård (attval)
Even Øyri (attval)
Karin Mo Valland (attval)
Torgeir Næss (attval)
Kjerstin Valland (ny)
Michael Iversen (attval)

Vara medlemmer:

1.) Evy Kleivane (attval)
2.) Nils Drage (ny)
3.) Linda Lokøy Lygre (ny)
4.) Eirik Gluppe Steinstø (attval)
5.) Borghild Storaas Ones (attval)
6.) Karsten Valland (attval)

Forslag til revisorar:

Atle Naterstad (attval)
Nils Drage (Ny)

Forslag til utsendingar til årsmøtet i Vestland AP, 14.-15. mars 2020.

- 1.) Torgeir Næss
- 2.) Vigdis Håland
- 3.) Halvard Lilletveit
- 4.) Evy Kleivane
- 5.) Even Øyri
- 6.) Liv Kari Handegård
- 7.) Michael Iversen
- 8.) Kjerstin Valland
- 9.) Nils Drage
- 10.) Karin Mo Valland
- 11.) Dag Rune Mo
- 12.) Linda Lokøy Lygre
- 13.) Eirik Gluppe Steinstø

Forslag til utsendingar til representantskapsmøta i Vestland 2020

- 1.) Halvard Lilletveit
- 2.) Evy Kleivane
- 3.) Torgeir Næss
- 4.) Vigdis Håland
- 5.) Even Øyri
- 6.) Liv Kari Handegård
- 7.) Michael Iversen
- 8.) Kjerstin Valland
- 9.) Nils Drage
- 10.) Linda Lokøy Lygre
- 11.) Dag Rune Mo
- 12.) Karin Mo Valland
- 13.) Eirik Gluppe Steinstø

Valnemnd for Kvam Arbeiderparti

Nils Drage, Even Øyri og Karin Mo Valland